

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Stølen, Skrautvålsvegen 77 2900 FAGERNES	28.08.2019

Sak nr : **RS 54 -/-19**

Handlingsprogram og budsjett 2020 for Valdres Natur- og Kulturpark

I [RS 43-/-19](#) Handlingsprogram og budsjett 2020 for Valdres Natur- og Kulturpark vart prosess og rammer beslutta.

<i>Datoplan for prosessen</i>	Organ	Innhald
Dato		
27. juli	Regionstyret	Oppstart
28. august	Regionstyret	½ års rapport 2019 Saker til avklaring ved behov
16. oktober	Regionstyret	Orientering og dialog
23. oktober	Regionstyret	Sender dokumentet på høyring
4. desember	Regionstyret	Gjennomgår høyringane og vedtek endelig HP
18. desember	Valdresrådet	Får Regionstyrets vedtak til orientering

I dagens møte er sakene 48-/-19, 49-/-19 og 50-/-19 grunnlag for prioriteringar. I tillegg er det mange innsatsar som er vedtekne tidlegare. Dertil kjem orienteringa frå «Huga på gard» i dagens møte som eit innspel til arbeid. Det er frå ulike kommunar også vore diskutert ei større satsing på ei felles kanalside under valdres.no som skulle synleggjere arbeid, bustad og gode buvilkår samla i dei seks kommunane.

Dei prosjekta me arbeider med må prioriterast ut frå vedteke langtidsprogram 2017-2027 om å bygge ei solid merkevare. Kva er viktigast for å bygge innhaldet og opplevinga av at Valdres skjerper sansane? Det er pågåande arbeid med vedtekne satsingar på kommunikasjon, friluftsråd og kultur. I tillegg er det prosjekt som går over år, slik som satsing på lokalmat og arbeid for Stamvegutvalet E16. Vidare samarbeid med Norsk seterkultur, Fjellnettverket og Norske parker. I arbeidet med avtaler og vedlikehald av varemerket ser ein at eit næringsliv som i større og større grad enn før er med på merkevarebygginga av Valdres.

Norske parker (NP) er inne på statsbudsjettet og dei aukar innsatsen sin, moa gjev dei økonomisk støtte til VNK for å bygge vår merkevarekommunikasjon sterkare og eit sterkare ungdomsarbeid gjennom Junior Park Ranger jf. [41-/-19](#)

sign.

Utskrift sendt til

Kommune	Styre, råd, utvalg m.v.	Møtested:	Møte dato
Valdres Natur- og Kulturpark	Regionstyret	Stølen, Skrautvålsvegen 77 2900 FAGERNES	28.08.2019

Ei lenger prosjektsatsing med ekstern finansiering har vore hytteprosjekta saman med Valdres næringshage A/S. Desse store prosjekta er ved ei avslutning. Korleis skal ein arbeide vidare med merkevare, kommunikasjon og ved t.d framtidige hyttemesser? Det er etablert god kommunikasjon mot marknaden som hytteeigarane er gjennom kanalsidene hytte i Valdres. I arbeidet vidare må dei store innsatsane som er gjort haldast ved like.

Under merkevarebygging er det og vore idear om å lage ei praktbok for Valdres, der natur, kultur og historie blir framheva. Hallingdal har t.d ei slik praktbok, Hytteeigarar og fastbuande er primærmarknaden for ei slik bok. Ei slik bok må ha som formål og bygge stoltheit og tryggleik om eigen kultur. Om ein set i gang eit slikt arbeid, krev det ei ekstern medfinansiering. Budsjett for ei slik bok vil vera om lag ein halv million, det er mogeleg og søke legat om støtte, samt at ein kan rekne med eit sal som vil finansiere boka. Valdresmusea A/S vil vera ein naturleg samarbeidspart om ein set i gang eit slikt arbeid.

Forprosjekt /forstudie på utvikling av vertskapskursane våre, der me koplår desse enno betre mot dei digitale flatene, sjå sak [41-/-19](#) Ei praktbok kan gje grunnlaget for nytt innhald i Valdresvertkursane våre.

VNK må prioritere innanfor dei tilgjengelege ressursane, herunder er store forpliktingar i avtalen med Valdres næringshage, Ung i Valdres og med festivalane.

Vurdering:

VNK har erfaring med at langsiktig arbeid gjev resultat, dersom me opnar opp nye innsatsområde krev det innsats og forankring. Kanalside for bustad og arbeid bør drøftast. «Huga på gard» krev brei jobbing om ein skal lukkast

Forslag til vedtak:

Regionstyret ber administrasjon i VNK prioritere arbeid som støttar oppbygginga av merkevara Valdres, i tråd med tidlegare vedtak. Vidare bør VNK fylgje opp det langsiktige arbeidet og prosjekt det er gjort vedtak om, herunder Valdres friluftsråd.

Regionstyrert ber administrasjon vurdere ei praktbok for Valdres, dersom det er mogeleg å få på plass ei ekstern finansiering. Kanalside for bustad og arbeid bør drøftast i 2020 for igangsetjing etter at eit slikt arbeid er godt forankra.

Vedtak:

sign.

Utskrift sendt til